



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 10.04.2018

**Møtestad:** Formannskapsrommet

**Møtetid:** 09:00 - 15:00

I møtet vil det bli orientert om/drøfta:

- Det årlege partnerskapsmøtet med NAV
- Samarbeidsprosjekt mellom randkommunane rundt nye Alver kommune

Formannskapet er styringsgruppe for skisseprosjektet som Arkitektfirmaet HRTB har utarbeidd for kommunen. Det vert lagt opp til at vidare prosess i denne saka vert drøfta i møtet

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	Meldt forfall

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
013/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
014/2018	Godkjenning av møtebok
015/2018	Orienteringssaker

**Notat frå møtet:**

## 013/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samråystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 014/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samråystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

## 015/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Rådmannen orienterte om at randkommunane utafor nye Alver kommune har søkt Fylkesmannen om skjønnsmidler til å starte opp eit kartleggingsarbeid og mulighetsstudie der ein ynskjer å sjå på kva område det kan vere tenleg å vurdere eit meir formalisert samarbeid mellom desse kommunane. Initiativet er politisk initiert av ordførarane i kommunane. Kommunane opplever at presset på økonomi og krav til innsparing av kostnadar aukar. Det er også utfordringar med rekruttering av relevant fagkompetanse og krav til å utvikle tenestetilbodet og få til meir effektiv drift. Det gjer at dei kommunane som no ikkje er i eit arbeid med kommunenesamanslåing ser det som tenleg å sjå på kva dei kan gjere i lag for å møte desse utfordringane på ein best mogleg måte. Prosjektet skal vere forankra i leiinga i kommunen. Det må opprettast ei styringsgruppe der alle rådmenn deltek, og det er viktig at politisk nivå i kommunane vert oppdatert underves. Eventuelle framlegg til formalisering av samarbeid mellom kommunar skal handsamast politisk. Formannskapet stiller seg positiv til utredningsarbeidet som no vert søkt igangsett, og framhever at dette kan vere eit viktig strategisk arbeid for å ruste seg til utfordringar i framtida.

Rådmannen orienterte om partnerskapsmøte med NAV. Der blei det presentert for kommunen at Masfjorden og Gulen heldt på med eit prosjekt der det vert utgreidd alternativ organisering av NAV tenestene, med mål om samanslåing av desse to kontora etter vertskommunemodellen. Modalen har fram til no ikkje vore involvert i dette arbeidet. Vi vil likevel få tilgang til utgreiingsarbeidet som er gjort i dei to andre kommunane, slik at Modalen kan vurdere om det skal utgreiaast tilknytning til

dette vertskommunesamarbeidet. Saka skal i så fall handsamast politisk.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik gjekk kort gjennom tidlegare arbeid med saka om bustadregulering, og ho presenterte framlegg til agenda når saka skal opp igjen til handsaming i kommunestyret 26. april. Formannskapet slutta seg til administrasjonen sitt framlegg til agenda, og ba samstundes administrasjonen vere førebudd på spørsmål om grenser og storleik på dei aktuelle områda når ein skal på synfaring 26. april.

Formannskapet er styringsgruppe for skisseprosjektet som Arkitektfirmaet HRTB har utarbeidd for kommunen. I møtet vart vidare arbeid og prosess i saka drøfta. Administrasjonen ynskjer at styringsgruppa legg fôringar og har regien for vidare framdrift, og at dette vert drøfta i kommunestyret 26. april. Formannskapet vil at det skal arrangerast folkemøte, med presentasjon av skisseprosjektet, i samfunnshuset på Mo onsdag 23. mai klokka 1900. Ordførar vert møteleiar og vil presentere prosjektet.

Kjetil Eikefet stilte spørsmål om Seacamp sitt tilskot frå Næringsfondet. han var bekymra for at det vart brukt mykje pengar til å tilrettelegge for campingplass på området dei leiger via kommunen, i og med at leigeavtalen med grunneigar går ut om to år. Rådmannen informerte om at Seacamp er klar over at leigeavtalen for området ikkje varer lengre enn dette, og reknar med at dei tek omsyn til det i sitt arbeid. Seacamp har og vore i dialog med grunneigar.

Ordførar låg fram forslag om å lukke møtet i samband med orientering om status i tvistesak. Forslaget om lukking av møtet under denne orienteringa er heimla i Kommuneloven § 31 pkt 4, som seier at eit folkevalgt organ kan vedta å lukke eit møte når omsynet til personvern krev det. Føresegna krev at det må gjerast ei konkret vurdering der omsynet til personvern vert vegg opp mot ålmenta si interesse av å vere til stades under møtet. Formannskapet var samrøystes i at i denne saka veg personvernet tyngst, og at møtet skal lukkast under ordføraren si orientering.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---